

**Referat frå prosjektmøte nr. 2 i 2024**

DATO/TID: 07.03.2024 kl 08:30-11:30
MØTE NR: 2/2024
STAD: Møterom Dalsfjorden, 1. etg. Volda rådhus
INNKALLA: Berit Lyngstad (prosjeakteigar), Nina Kvalen (prosjektleiar), Astrid Dimmen (helse og omsorg), Anita Gaarder (barnehage), Håvard Strand (skule) Wenche Skjærvik (reinhalld), Sonja Hovden (HVO), Ingunn Svendsen (HTV Fagforbundet), Lena Sætre (HTV Sykepleierforbundet)
FRÅFALL: Cathrin Fremmerlid (HTV Utdanningsforbundet)
MØTELEIAR: Berit Lyngstad
REFERENT: Nina Kvalen

Sak nr	SAK/KONKLUSJON	Ansvarleg
7/24	Evaluering Kick-off 2024 <ul style="list-style-type: none">Korleis opplevde STIM-gruppene programmet? Bør vi sende ut ein evaluering, der vi også ber om innspel på korleis STIM-gruppa kan jobbe vidare med tema på arbeidsplassen, setje mål for sin arbeidsplass mv.? Vurdere dette etter konferansen 18.mars. Tek saka opp på neste møteGode tilbakemeldingar; bra konferanse, tema var nyttig, bra med konkrete døme på konsekvensar av deltid for pensjon, viktig å få informasjon utanfrå, tema gav gjenklang for oppvekst; kva er vårt konkrete prosjekt, knytte tema om belastningar i arbeidet til heiltidskultur - sjå denne linken, bra vi har slike tema på kick-off/fagdag Bra med balansering; at ikkje alle har 100% arbeidsevne og kan jobbe heiltidGjennomføring og lunsj var ok, lyset i salen (lysekronene) gir gjenskin. Nina tek dette opp med Uppheim før neste arr.Video frå samlinga er delt med leiarar og tillitsvalde for internt bruk på personalmøte mv.Neste års kick-off; vi tek dette opp på neste prosjektmøte etter kommunestyremøtet 25. april, der det skal avgjerast om vi skal innføre Helseplattformen	Berit Nina
8/24	Konferanse 18. mars «Når jobben blir for mye» Link: https://fagfokus.no/konferanser/nar-jobben-blir-for-mye/ <ul style="list-style-type: none">STIM-gruppene i helse og omsorg, skular og barnehagar er invitert til å delta på digital konferanse måndag 18. mars kl 09:30-16 på UppheimOm lag 50 har godteke invitasjonen i kalenderen, dvs. om lag halvpraten av dei inviterteBerit sender ut e-post 11.03.24 med påminning og informasjonKonferansen går over to dagar:<ul style="list-style-type: none">Dag 1: 18. mars: Ordinær konferanse med innlegg frå dyktige fagfolkDag 2: 19. mars: Kurs med krisepsykolog Rikke Högsted. Deltaking på dag 2 må vurderast av leiaraneKonferansen kan sjåast i opptak 4 veker i ettertidBerit deler link når denne er tilgjengeleg	Berit Berit
9/24	Emosjonelle og relasjonelle belastningar i jobben <ul style="list-style-type: none">Korleis arbeidar vi med dette lokalt?Berit og Håvard, arbeidar vidare med tema, og legg det fram på leiarsamlinga 12. april.	Berit Håvard



HEILTIDSKULTUR i Volda kommune



10/24	<p>Utlysingspraksis og rekrutteringsstrategi – delprosjekt</p> <p>Berit orienterte om status og framdrift i prosjektet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Første møte var 02.02.24. Sjå referat frå førre prosjektmøte • Andre møtet var 01.03.24 der Hanne Børrestuen frå KS deltok med informasjon om KS sitt verktøy for å realisere og operasjonalisere ein utlysingspraksis og rekrutteringsstrategi som underbygger ein heiltidskultur. Sjå link her: Utlysning av heiltidsstillingar - KS • Vi har fått råd om å utarbeide dokument som vil hjelpe oss i arbeidet, og revidere eksisterande dokument. Det er fleire kommunar å sjå til. <ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide ein Rekrutteringsstrategi - Utarbeide Lokale retningslinjer for heiltidskultur - Revidere Tilsettingsreglementet - Revidere rutinar, prosedyrar og malar <ul style="list-style-type: none"> o Kven skal involverast i utlysingar? o Kva rolle har HR ved utlysning av stillingar? o Utlysingstekst; kva skal stå der, felles MAL? o Annonsering/kostnadsbilete/effekt; Kva medium skal nyttast? Har vi god nok effekt av annonsering lokalt? Sjå på kostnadssida o Lage eigen landingsside for dei ulike sektorane, video o Korleis sikre at vi får rekruttert kritisk kompetanse 	Berit
11/24	<p>Permisjonspraksis – delprosjekt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gruppa har sett gjort seg kjend med forarbeidet som Birgitte gjorde • Vil konsentrere seg om kva som er vesentleg ulempe, kva skal vi vurdere, når gi avslag på permisjon • Spent på avklaringar rundt pleiepengar i tariffoppgjeret • Etablere elektronisk søknadsprosess på permisjonssøknader, gjeld ikkje velferdspermisjon • Tydeleggjere permisjonsreglementet; kven har mynde til kva • Har laga møteplan fram til sommaren 2024 	Berit
12/24	<p>Tørn – delprosjekt</p> <p>Informasjon om Tørn vart sendt ut i vedlegg til innkallinga til møtet.</p> <p>Nina orienterte om intensjonane med Tørn, prosjektpериode mars 2024-april 2025, 5 samlingar for arbeidsgruppa, 1 overordna samling i september, samlingar for prosjektleiar, førebuande møter, heimearbeid, metodikk, pilot Kleppevegen, rigging av lokalt prosjekt, partssamarbeid, brukarinvolvering og deltaking på samlingar (bisittarar).</p> <p><i>Pilot: Kleppevegen, Bu- og habiliteringsteneste</i></p> <p><i>Styringsgruppe</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Berit Lyngstad, prosjekteigar Heiltidskultur - Svein Berg Rusten, prosjekteigar Tørn - Reidun Elisabeth Sandnes, avdelingsleiar - Nina Kvalen, prosjektleiar Heiltidskultur og Tørn - Monika Mierzejewska - Hermod Halse, hovudtillitsvald (FO) <p><i>Prosjektgruppe</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Reidun Elisabeth Sandnes, avdelingsleiar - Monika Mierzejewska, seksjonsleiar - Nina Kvalen, prosjektleiar Heiltidskultur og Tørn <p><i>Arbeidsgruppe</i> (utvida STIM-gruppe):</p> <ul style="list-style-type: none"> - Monika Mierzejewska, seksjonsleiar 	Nina



HEILTIDSKULTUR i Volda kommune



	<ul style="list-style-type: none"> - Torunn Hagen Steinnes, tillitsvald (Fagforbundet) - Silje Terese Heltne, tillitsvald (FO) - Lars Kåre Vikstrand, verneombod - Nina Kvalen, prosjektleiar Heiltidskultur og Tørn <p>Prosjektgruppa er samd i at HTV deltek i styringsgruppa for Tørn, at plasstillitsvald og verneombod deltek i arbeidsgruppa på arbeidsplassen, og at det ikkje er naudsynt med deltaking frå tillitsvalde og vernetenesta i prosjektgruppa for Tørn.</p>	
13/24	Dynamon <ul style="list-style-type: none"> • Heimetenesta vil gå i dialog med Dynamon for å sjå om dei kan få generert ein meir tilpassa turnus i deira teneste • Astrid vil avklare med Sevrinhaugen som har BAT-turnus, om dei nyttar løysinga for å genere alternative turnusar • Vi vurderer undervegs i Tørn-prosjektet om Kleppevegen også skal kunne nytte Dynamon i arbeidet med å utarbeide ein heilt ny årsturnus, truleg med langvakter 	Astrid Nina
14/24	Oppgåvekartlegging Saka vart ikkje drøfta.	
15/24	Heiltidsplakatar Vi må sjå korleis plakatane kan vere til nytte i arbeidet til STIM-gruppene på dei ulike arbeidsplassane.	Berit
16/24	Heiltidserklæring Vi ventar til vi får nye PAI-tal før vi evaluerer, og ev. justerer heiltidserklæringa.	Berit Nina
17/24	Retningsliner for heiltidskultur Vert sett opp som tema på neste prosjektmøte. Kva skal vere med i våre retningsliner? Vi vil sjå til døme frå andre kommunar.	Berit Nina
18/24	Vidare arbeid i STIM-gruppene <ul style="list-style-type: none"> • Personalavdelinga vil starte arbeidet med å revidere MAL for STIM-møta som ligg på Compilo, der det blir vurdert å inkludere tema om heiltidskultur og belastningar i arbeidet, ev. i vedlegg til malen. • På leiarmøte i april vil Berit ta opp tema om korleis arbeide med heiltidskultur i STIM-gruppene; sette mål for sin arbeidsplass, bruk av heiltidsplakaten mv. 	Berit
19/24	Arbeidet i prosjektgruppa Ikkje drøfta utover at vi utsette neste prosjektmøte 3 verkedagar til 29. april kl 9-11, til etter kommunestyremøtet har handsama saka om Helseplattformen.	Nina
20/24	Styringsgruppa Det blir innkalla til eit styringsgruppemøte (PSU) i april, med orientering om status i heiltidskulturprosjektet og delprosjekta.	Berit
21/24	Orientering om Heiltidskultur i Volda kommune på 8. mars-arrangement Berit gjekk gjennom presentasjonen ho skal ha på 8. mars arrangement på Rokken i Volda, om Heiltidskultur i Volda kommune	Berit
22/24	Heiltidskulturkonferansen i Ørsta 18.-19. april 2024 Fleire i prosjektgruppa har meldt seg på, andre ønsker ei påminning. Nina sender dette ut. Påmeldingskontingent for medlem i prosjektgruppa for Heiltidskultur og Tørn vert dekt gjennom heiltidskulturprosjektet	Nina
23/24	Framdriftsplan, møter i 2024 <ul style="list-style-type: none"> - 18.01.24: Prosjektmøte; velferdsteknologi, kick-off, plan 2024 - 07.02.24: Kick-off 2024; samling heile dagen 	Berit



HEILTIDSKULTUR i Volda kommune



	<ul style="list-style-type: none">- 07.03.24: Prosjektmøte; evaluering Kick-off, status og framdrift tiltak- 29.04.24: Prosjektmøte; evaluering saml., retningsliner, møte Dynamon	Nina
24/24	Neste møte Måndag 29.04.2024 kl 09:00-11:00 , Volda rådhus, Dalsfjorden 1.etg. Det er sendt innkalling i kalenderfunksjonen.	Nina